



Lokal forskrift 1. august 2024 nr. 5 om skulerute for grunnskulen i Ulvik herad 2024-2025

Heimel: vedteke av heradsstyret i Ulvik herad 19. juni 2024 med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova LOV-2023-06-09-30) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2024-2025.

Elevane har rett og plikt til å møta på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for alle alle elvane i grunnskulen i Ulvik herad

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhangande veker.

§ 3 Skule- og feriedagar for skuleåret 2024-2025

Fyrste skuledag etter sommarferien	15.august
Haustferie	7. oktober til 11. oktober (veke 41)
Planleggingsdag, elevane har fri	15.november
Juleferie (fyrste skuledag etter ferien er 2.januar)	23.desember til 1. januar.
Vinterferie	17.februar til 21.februar (veke 8)
Planleggingsdag, elevane har fri	14.mars
Påskeferie (fyrste skuledag etter ferien er 22.april)	14.april til 21.april
Offentleg fridag	1.mai
Fridag for elevane	2.mai
Grunnlovsdag	17.mai
Kristi Himmelfartsdag	29.mai
Fridag for elevane	30.mai
1. pinsedag	9.juni
Siste skuledag før sommarferien	20.juni

§ 4 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024 med opphøyr 31.07.2025, eller til den vert erstatta med ny forskrift.